

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2025/9316-4

Saksbehandlar

Peder Sjø Slettebø

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Fråsegn - Høyring planprogram Regional plan for areal og mobilitet

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet sluttar seg til framlegg til fråsegn slik det går fram av saksutgreiinga.

Vedlegg:

1 Planprogram regional plan for areal og mobilitet

Samandrag/Saka gjeld:

Vestland fylkeskommune skal utarbeida «Regional plan for areal og mobilitet». Verknaden av ein regional plan er gjort greie for i vedlegget. Planen skal erstatta noverande «Regional transportplan», men er tenkt å omfatta fleire tema enn denne. Opphavleg høyringsfrist var sett til 10.10, men kommunen har fått utsett frist til 20.10 for å kunna handsama saka i formannskapet. Sunnhordlandsrådet vil også utarbeida og senda inn ei felles fråsegn frå kommunane i regionen, basert på kommunane sine fråsegner.

Saksutgreiing:

Kvinnherad kommune har følgjande fråsegn til høyring av planprogram for «Regional plan for areal og mobilitet»:

På generelt grunnlag vil Kvinnherad kommune peika på behovet for ei streng prioritering av planoppgåver i det offentlege, anten det er på kommunalt, regionalt eller statleg nivå. Planarbeid er omfattande og tidkrevjande, og fører i mange tilfelle til at kapasiteten på planavdelingane rundt om ikkje gjev rom for effektiv framdrift i til dømes reguleringsplanarbeid for planlagde og naudsynte utbyggingar av offentleg infrastruktur. Kommunen vil difor oppmoda fylkeskommunen om å avgrensa tal planar som ikkje er reguleringsplanar mest mogleg. I denne samanhengen meiner kommunen det er positivt at fylkeskommunen allereie har gjort vedtak i denne retninga, men høyringsutkastet syner etter kommunen si vurdering at ein med fordel kan avgrensa ambisjonsnivået ytterlegare.

Kommunen har kommentarar til følgjande punkt i framlegget:

1. Innleiing

1.2. Føremål

Kvinnherad kommune er negativ til føremålet med planen. Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnettet og kollektivtrafikken, men planen som er tenkt å erstatta Regional transportplan ser ut til å ha som hovudføremål å leggja føringar for den kommunale arealbruken. Dette er eit ansvar som ligg til kommunane, som allereie er underlagde strenge føringar frå statleg hald. At fylkeskommunen skal leggja til ytterlegare føringar for kommunane sin arealbruk, kan Kvinnherad kommune ikkje godta.

1.5.3. Målkonfliktar – ein balansert arealpolitikk

Slik Kvinnherad kommune les framlegget til planprogram, har fylkeskommunen ambisjonar om å leggja svært sterke føringar for arealbruken i fylket. Det vert i samband med dette synt til at «UFF-metodikken» skal liggja til grunn for planarbeidet. Kommunen kan ikkje sjå anna enn at dette vil redusera det kommunale sjølvstyret monaleg, og jamvel gjera arbeidet med kommuneplanen sin arealdel enno meir utfordrande for kommunen.

2. Plantema, problemstillingar og konkretisering av planarbeidet

2.2.2. Senterstruktur

Av funksjonar fylkeskommunen har ansvar for, og som vanlegvis ligg i eit regionsenter, er vidaregåande opplæring, tannhelseteneste og kollektivknutepunkt. Utover dette har fylkeskommunen i praksis berre indirekte påverknad på innhald og funksjonar i det som etter ein regional plan vert definert som regionsenter. I ein ev. regional plan for mobilitet bør fylkeskommunen avgrensa planarbeidet til å omhandla meir effektive reisevegar og betre kommunikasjonar til og frå det som etter ein gjennomgang vert definert som regionsenter.

2.2.3. Transport, gods og logistikk

Her er ein inne på eit område som er godt eigna for regional planlegging, og Kvinnherad kommune ser positivt på føreslegne tema knytt til dette.

2.3. Berekraftig arealforvaltning

Dette er etter Kvinnherad kommune sitt syn eit kommunalt ansvar, og bør takast ut av planprogrammet.

2.4. Mobilitet og transport

Også dette er eit område som er godt eigna for regional planlegging, og Kvinnherad kommune vil til dette punktet slutta seg til framlegget til planprogram.

Oppsummering:

Kvinnherad kommune ber om at fylkeskommunen avgrensar den regionale planen til å omhandla det fylkeskommunen har ansvar for i denne samanhengen: Samferdsle. Me føreslår dermed at det i staden for ein regional plan for areal og mobilitet vert utarbeida ein regional plan for samferdsle. I den grad fylkeskommunen skal leggja føringar for arealbruken i kommunane, må dette avgrensast til vegtrasear, kollektivknutepunkt, kaiar og liknande. Med andre ord: Er det fylkeskommunen som skal eiga infrastrukturen, avgjer fylkeskommunen lokalisering og arealbruk. Skal fylkeskommunen ikkje stå som eigar, er det kommunane som styrer arealbruken i tråd med alle føringane som kommunane allereie i dag må halda seg til.

Økonomisk berekraft:

Ikkje relevant

Miljø og klima berekraft:

Ikkje relevant i denne runden

Sosial berekraft:

Som over

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:

Saka er del av ein medverknadsprosess

Konklusjon:

Går fram av framlegg til fråsegn